



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 26.04.2018

Møtestad: Konferansesalen

Møtetid: 09:00 - 15:00

Formannskapet er styringsgruppe for skisseprosjektet som Arkitektfirmaet HRTB har utarbeidd for kommunen. Det vert lagt opp til at vidare prosess i denne saka vert drøfta i møtet

Saka om regulering av nytt bustadområde vert handsama frå klokka 100:

-Plankonsulent Øystein Skofteland frå Norconsult vert med under heile handsaminga av denne saka. Skofteland var med på å utarbeide kommuneplanen for 2015 - 2026, og vil kunne svare på spørsmål om planprosessar og konsekvensar av ulike va og prioriteringar undervegs.

Agenda:

- Kort gjennomgang av kommuneplanen v/Skofteland
- Spørsmålsrunde
- Synfaring på områda Otterstad, Sæten, Kleivane og Trohaug
- Lunsj
- Drøfting i kommunestyret
- Vurdere om det skal utarbeidast ein områdeplan/reguleringsplan for Otterstad-Trohaug
- Vegen vidare

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordførar	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordførar	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	

Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Sigmund Vikane	SO	Medlem	Meldt forfall
Robert Helland	SO	Medlem	Meldt forfall

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
013/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste
014/2018	Godkjenning av møtebok
015/2018	Orienteringssaker
016/2018	Søknad om fritak frå verv i råd for eldre og funksjonshemma
017/2018	Regulering av nytt bustadområde

Notat frå møtet:

013/2018: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes godkjent

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

014/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes godkjend

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

015/2018: Orienteringssaker

Behandling:

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om strandryddedagen 4. mai, der alle elevar og tilsette ved Mo skule skal vere med. I tillegg til strandområda, skal det ryddast langs vegen frå Romarheim til Steinsland. Ordførar og teknisk sjef oppfordrar både private, bedrifter, politikarar og andre til å vere med på ryddeaksjonen denne dagen.

Roger Fure stilte spørsmål om status for oppgradering av det elektriske anlegget på flytebryggja, og om vi framleis disponerer kompensasjonsmidlene vi fekk frå Fylkeskommunen. Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik svarte at dette investeringsprosjektet ikkje er påbegynt enda. Ordførar svarte at det truleg ikkje er tidsbegrensing på kompensasjonsmidlane frå Fylkeskommunen, men at administrasjonen må sjekke opp i dette til neste møte.

Ordførar stilte spørsmål til kommunestyret om tidsbruken på kommunestyremøta, i forhold til om ein framleis skal prøve å estimere eit sluttidspunkt, eller om ein skal setje fast møtetid klokka 0900 - 1500. Konklusjonen vart at møtetida i utgangspunktet vert sett frå klokka 0900 - 1500, og at ordførar vurderer om det skal bestillast lunsj utifrå kor mange saker det er og estimert møtetid.

Ordførar orienterte om status på skisseprosjektet, og at det vil bli invitert til folkemøte på Mo samfunnshus 23. mai klokka 1900, der ein presenterer skisseprosjektet. Målet er å få opp ei politisk sak på dette til kommunestyremøtet 14. juni.

Administrasjonen må lage saksutgreiing i henhold til dette. Ordførar gjekk og gjennom den politiske prosessen vidare dersom det i juni vert vedteke å byggje nytt nærings- og tenestesenter, og kva moment som ein må ta stilling til før ein gjer vedtak, og kva som ein evt kan ta stilling til og bestemme etter eit evt vedtak. Døme på moment som ein kan ta stilling til seinare i prosessen er endeleg vurdering av areal og arealbruk, plassering av bygget på tomten, parkering og uteområde, materialval og fleire kostnadsreduserande tiltak samt drift av kommunen i byggeperioden. Ting som må avklarast i saksutgreiinga før ein gjer vedtak er storleik på momskompensasjon og evt tilskot som er moglege å få.

Ordførar tok og opp at økonomiske konsekvensar av eit evt nybygg er det politikarane som må ta stilling til i budsjettprosesser og arbeid med økonomiplanar i åra framover. Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik svara på oppfølgningsspørsmål om inntekspotensiale på næringsdelen av bygget og materialval frå førre kommunestyremøte.

Ho viste til at med ei leigeinntekt på 2000 kr/mnd pr kontor, vil det for 10 utleigekontor vere ei potensiell inntekt på 240 000 kr pr år, med fullt belegg. Potensialet for utleige er usikkert, og difor vanskeleg å budsjettere med i finansieringa. Når det gjeld materialval som alternativ til massivt tre, er dette noko som er naturleg å vurdere i eit evt forprosjekt.

Ann Jorunn Farestveit meinte at ein bør vurdere om ein skal ha utleigekontor, og om et er rett å ha næringsareal i eit kommunehus. Ho stilte og spørsmål ved om det er realistisk å få fullt belegg på utleigedelen.

Håvard Engeseth tok opp at ein må vurdere om det er rett å bruke så mykje pengar på eit nytt bygg, som vil gå ut over tenestetilbodet i kommunen. Kristin Nåmdal tok opp at det er viktig å sjå eit evt nytt bygg i samanheng med utviklinga av Modalen 20 - 30 år fram i tid, og at dette evt er eit samfunnshus og samlingsplass for heile kommunen.

Anne Britt Almelid stilte spørsmål om kostnadane ved å oppruste eksisterande kommunehus etter dagens standard. Ordførar svara at dette er tidlegare berekna til minst 30 mill kr, og er difor ikkje eit realistisk alternativ. Dersom det vert nei til å byggje nytt, må ein sjå på minimunsløysingar for oppussing og vedlikehald av dagens bygg.

Roger Fure bad om at ein måtte lage eit estimat på årleg vedlekehald som uansett må gjerast dei nærmaste åra. Liv Anne Aanensen stilte spørsmål ved om det er lovpålagt med universell utforming på offentlege bygg. Rådmannen svara at universell utforming er lovpålagt, men vi har ikkje fått tilsyn med pålegg om utbetring pr dags dato.

Håvard Engeseth kommenterte at han synes 40 års nedbetaling på eit nytt bygg er for lenge, og ba om at det og vart rekna på 30 års nedbetalingstid i saksutgreiinga.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

016/2018: Søknad om fritak frå verv i råd for eldre og funksjonshemma

Behandling:

Ordførar låg fram forslag til nytt medlem og varamedlem til votering.
Forslaget vart samråystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommunestyre vel Aslaug Farestveit som ny medlem av Råd for eldre og funksjonshemma resten av valperioden.

Modalen kommunestyre vel Gunnar Eide som ny varamedlem for Aslaug Farestveit av Råd for eldre og funksjonshemma resten av valperioden.

017/2018: Regulering av nytt bustadområde

Behandling:

Saka vart opna med at plankonsulent Øystein Skofteland frå Norconsult hadde ein kort gjennomgang av kommuneplanens arealdel. Kommunestyret og administrasjonen gjekk så på synfaring på alle dei fire aktuelle områda: Otterstad - Kleivane - Trohaug og Sæten.

Etter synfaringa vart det debatt om dei ulike områda.

Anne Britt Almelid opna med at Sæten etter hennar meining er det beste området å gå vidare med. Dette området er sentrumsnært, lett tilgjengelegt og lett å opparbeide.

Liv Anne Aanensen meinte at ein kunne sjå nærmare på om det er mogleg å byggje fleire bustader på den eksisterande bustadrekka på Otterstad. Det vart kommentert at dette er privateigde tomtar, og at eit initiativ her burde i så fall komme frå grunneigarane sjølve.

Håvard Engeseth meinte at grøntområda på Otterstad bør tilbakeførast til LNF område. Han tok og til orde for at Trohaug kanskje var det beste alternativet på lang sikt, men at både Kleivane og Sæten er gode alternativ.

Kristin Nåmdal kommenterte at infrastrukturen, med til dømes veg, vatn og avlaup, er særskilt kostbar i Trohaugen. Denne infrastrukturen må på plass uansett om ein legg opp til fleire utbyggingstrinn i dette området. Nåmdal vil og behalde grøntområda på Otterstad som LNF område, men ser også at det er mogleg å byggje fleire bustader på eksisterande bustadrekke og evt på området ved garasjen på Urdal.

Håvard Engeseth stilte spørsmål om kapasiteten for nye v/a påkoplinger på Kleivane. Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik svara at dette må ein kome tilbake til i ei evt utgreing av området.

Ann Jorunn Farestveit tok til orde for å tilbakeføre Otterstad som LNF område. Håvard Engeseth støtte dette, og la til at det er viktig å ta vare på matjorda der for framtida.

Kristin Nåmdal meinte at det er lettast og mest attraktivt på Kleivane av dei områda som er mest realistisk å byrje med. Sæten bør foreløpig ventast med til det er avklart meir kva som skjer med etableringa av campingplass på området.

Ordfører foreslo pause med gruppemøte for å lage framlegg til vedtak som ein kunne einast om i saka. Ordføraren sitt framlegg til vedtak vart lagt fram til votering og vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Modalen kommunestyre ønskjer å sette i gang regulering på Kleivane, på område allereie avsatt til boligområde.
 2. Modalen kommunestyre vil ta vare på landbruksjord på Otterstad. Kommunestyret ønskjer å få ein sak tilbake der ein planlegg å tilbakeføre landbruksområde på Otterstad til LNF.
-